

Lån av kajakkar og kajakkhengar

Informasjon, ansvar og pakkeinstruksar

Utlån av barnekajakkar 2023



Kajakkhengar nummer RD 5924 og/eller RD 5925

Barnekajakkane høver frå ca 1.-8. klasse (6-13 år +/-)

Føreord

Friluftsrådet har tre kajakkhengarar til utlån, til to ulike målgrupper:

- 2 stk hengarar med barnekajakkar
- 1 stk hengar med ungdomskajakkar

Frå 01.01.2023 krev Friluftsrådet sin internkontroll at lærar/instruktør som har ansvar for kajakk for mindreårige er utdanna aktivitetsleiarar i padleforbundet sin våttkortstige. I ein overgangsfase kan lånetakar som er under kvalifisering gjennom kajakk i skulen prosjektet og som har demonstrert at ein kan eigenredning og kameratredning låne kajakkane.

Lånetakar pliktar å sette seg inn i dette utlånsdokumentet og friluftsrådet sin informasjon om tryggleik: «Vegleiar til nokre faremoment med kajakk»

Utlånsdokumentet er oppdatert 19.07.2023

Sunnmøre friluftsråd

Christer Lundberg Nes

Innhold

Føreord	2
Kajakkhengar	3
Bilfører sitt ansvar	3
All bruk på eige ansvar.....	4
Gratis lån med atterhald	4
Slitasje eller skade	4
Etterarbeid kan bli fakturert til lånetakar	4
Alminneleg orden	4
Flytevestane frå Regatta	5
Pakkeinstruks flytevestar.....	6
Instruks for å stroppe kajakkane på hengaren	6
Å stroppe kajakkane	7

Kajakkhengar

Kajakkane ligg på ein hengar med til saman 14 båtar. Dette er 10 barnekajakkar, 2 mellomstore kajakkar, 1 vaksenkajakk og 1 sit on top kajakk som redningsbåt.

Kapasiteten saman med sit on top redningsbåten er 12 barn og 2 vaksne, eller 10 barn og 4 vaksne

Dei 10 barnekajakkane høver frå ca 1.-8. klasse (6-13 år +/-)

Du får låne:

- Kajakkhengar nr RD 5924 eller RD 5925
- 10 Hasle K400 kajakkar (barn)
- 2 Current Design Sirocco (ungdom/vaksne/barn)
- 1 Current Design Storm (vaksenkajakk)
- 1 sit on top redningsbåt – følgje- og redningskajakk
- 15 årer (ei i reserve)
- 2 rumpetaske med slepeline (ca 6m)
- 1 kasteline 15m
- 1 pumpe
- 2 faste åreposar
- 2 Regatta flytevestar for vaksne (+ 90 kg)
- 2 Regatta flytevestar for vaksne (70-90 kg)
- 5 Regatta flytevestar for barn (50-70 kg)
- 10 Regatta flytevestar for mellomstore barn (30-50 kg)
- 28 pakkstropper til kajakkane

TIPS:

Barnekajakkane Hasle K400 blir ganske fort smale og lave framover der ein har beina. Dersom borna slit med å få ei god sittestilling med føtene inn i fotstøtta kan du:

- 1) Be dei som padlar om å ta av sko og padle i sokkelesten!
- 2) Dersom det framleis er trongt/smalt utan sko kan du ta ut heile fotstøtta.

Fotstøtta på Hasle K400 (barnekajakkane) er berre kilt fram i kajakken og det er berre å dra den mot deg og ned og ta den ut. NB! Hugs å sette den tilbake på plass etterpå!

Bilførerar sitt ansvar

Det er bilførerar sitt ansvar at ein har løyve til å køyre med kajakkhengaren i kombinasjon med bilen og sitt førarkort.

Friluftsrådet tilrår at bilførerar sjekkar Statens vegvesen sin «tilhengarkalkulator» før ein hentar kajakkhengaren. Du treng registrerings nummer til bilen du skal bruke og registreringsnummeret til kajakkhengarane som er nr RD 5924 eller RD 5925.

<https://www.vegvesen.no/Kjoretoy/Eie+og+vedlikeholde/Tilhengerkalkulator>

Sidan kajakkhengarane er identiske spelar det inga rolle om du har søkt i tilhengerkalkulatoren på det eine hengarnummeret, men av praktiske grunnar endar opp med å få låne den andre hengaren.

Det er bilføraren sitt ansvar og plikt å sjå over at hengaren med kajakkar er stroppa trygt og forsvarleg før ein køyrer med den på slep.

Politiet har i teknisk kontroll gitt påbod om at kvar einskild kajakk må stroppast for seg. Gjer vel og sjå utfyllande informasjon om å stroppe kajakkane.

All bruk på eige ansvar

All lån og bruk av kajakkane er etter lånetakar sitt eige ansvar. Friluftsrådet føreset at lånetakar gjer farevurdering etter eigen og gruppa si kompetanse og ferdigheiter, og praktiserer ferd etter evne. Lånetakar pliktar å sette seg inn i friluftsrådet sin informasjon om tryggleik. *(Vegleiar til nokre faremoment med kajakk)*

Gratis lån med atterhald

Slitasje eller skade

Slitasjeskade som skjer gradvis på grunn av normal bruk tek friluftsrådet sjølv kostnadane med, og prøvar å halde kajakkar og utstyr i akseptabel stand.

Dersom det oppstår skade på grunn av uforsiktig/uvørden bruk, eller at lånetakar ikkje varslar friluftsrådet om skade som er oppdaga under lånet kan friluftsrådet sende krav om erstatning til lånetakar.

Etterarbeid kan bli fakturert til lånetakar

Lånetakar pliktar å følge pakke- og stroppeinstruks i denne informasjonen.

Dersom lånetakar ikkje følgjer pakke- og stroppeinstruks kan friluftsrådet sende faktura på etterarbeid som er naudsynt for at instruksane vert følgt.

For etterarbeid vil friluftsrådet fakturere 650.- kr per påbegynt arbeidstime per person.

Alminneleg orden

Hjelp oss å halde orden på utstyret så det varar lengst mogleg!

Hengarane er utrusta med fargekode for å gjere det lett å halde orden og system.

Barnekajakkane er sett opp med to ulike fargekoder; *ein gul hengar med gule kajakkar og ein raud hengar med raude kajakkar*. Vestar og årer har raud eller gul fargekode for å vise kva hengar dei høyrer til. Det er også fargekode for raskare å identifisere ulike storleikar på vestane.

Det er svært viktig at alt utstyr og kajakkar vert sortert og pakke etter si fargekode og det som skal vere med i hengaren.

- Skyl ut av kajakkane med ferskvatn dersom dei er fulle av sand og småstein.
- Etter bruk nyttar de svampane til å tørke kajakkane både i sittebrønne, men og i pakkelukene framme og bak! (Barnekajakkane har ikkje pakkeluker)
- Skyl vestar i ferskvatn dersom dei er nytta i saltvatn

- Heng vestar til tørk og legg ut svampane så dei tørkar
- Lever berre tørt og reint utstyr tilbake til friluftsrådet
- I tilfelle stor etterspurnad på å få låne kajakkane kan vått utstyr som ikkje er rukke å bli tørt overleverast til neste lånetakar, under føresetnad av at den nye lånetakar tek ut og tørkar utstyret. *Utstyr må ikkje få ligge vått i hengaren!*

Eit godt tips er at ein samlar og ser over utstyret slik bildet viser før de pakkar inn i hengarkassa:



Flytevestane frå Regatta

Alle vestane har skrittstropp og friluftsrådet oppmodar lånetakar til å passe på at borna nyttar desse! Skrittstroppa kan også ligge i ei lita lomme på innsida av ryggstykket, og skal festast i spenner framme på vesten når dei er i bruk.

Skit og sand er vår største fiende i forhold til levetid på utstyret!

Gjer vel og ikkje legg vestane på sand, eller la dei ligge å slenge rundt på grus eller jord!

Dersom vestane har blitt brukt i saltvatn bør dei skyljast i ferskvatn og tørkast før dei blir levert tilbake. Unngå sand og skyl/vask eventuelt av dette.

Ikkje la våte vestar ligge innestengt i kassa – heng dei til tørk til dei skal nyttast igjen.

Friluftsrådet har redningsvestar og nokre reserve flytevestar i ulike storleiker i tillegg til dei som følgjer med som standardutstyr til kajakkhengarane på lageret. Desse kan lånast etter avtale.

Pakkeinstruks flytevestar

Hengarkassa til barnekajakkane er dessverre så lav at vi per i dag ikkje har noko godt system for oppbevaring av vestane. Vestane må du difor berre legge innover i hengarkassa etter beste evne.

Med mange brukarar er det ei utfordring for friluftsrådet at vestar mister spenner under transport fordi dei ikkje er klipsa saman. For å unngå at vi mister fleire beltespenner ber vi om at du passar på å lukke alle spenner når de samlar saman vestane!

Pakkeinstruks:

- Samle inn alle vestane og sorter dei etter storleik.
- Lukk/klipse saman alle spenner!
- Prøv å samle vestane nokolunde etter storleik innover i hengarkassa.
- Returner berre tørt og reint utstyr til friluftsrådet!

Instruks for å stroppe kajakkane på hengaren

Politiet har i teknisk kontroll gitt påbod om at kvar kajakk må stroppast for seg. Det er bilføraren sitt ansvar at dette er gjort.

Det er lurt å få lavt tyngdepunkt og avlaste armene på hengaren med stroppene.

Det er svært viktig at kajakkane ligg på skrå eller opp ned slik at dei ikkje kan regne fulle av vatn!

To gode måtar å organisere hengaren på med lågt tyngdepunkt:



Sit on top redningskajakk på kassa.
To vaksenkajakk ved sidan av.



Sit on top redningskajakk på kassa og ein vaksenkajakk oppå redningskajakken.

På mellomste arm ein vaksenkajakk og ein barnekajakk på eine sida og tre barnekajakkar på den andre sida.

På toppen tre barnekajakkar på kvar side.

På mellomste arm tre barnekajakkar på kvar si side.

På toppen to barnekajakkar på kvar si side.

Å stroppe kajakkane

Kajakkhengaren er sett opp med tre sett stropper i ulike lengder og fargekoder:

- Gul – kort stropp til å feste dei inste barnekajakken
- Blå – mellom lang stropp til å feste barnekajakk nummer 2 eller inste vaksenkajakk
- Raud – lang stropp til å feste yste kajakkane og der blå stropp blir for kort.



Gul stropp

Blå stropp


Raud stropp

Bilda viser prinsippet for å stroppe kajakkane. Legg stroppa rundt midtstanga, begge banda over kajakkane og rundt arma eller gjennom auget.



På barnekajakkane vil gul kort stropp passe perfekt på den inste/første kajakken.

Legg stroppa rundt midtstaget. Begge stroppene over kajakkane og rundt arma. Organiser stroppa slik at du får låsen litt opp på eine sida og kan stramme stroppa ved å dra nedover/mot deg.



På barnekajakkane vil blå mellomlang stropp passe perfekt på den andre kajakken.



På barnekajakkane vil raud lang stropp passe perfekt til den yste kajakken

Denne måten stroppe på skal brukast fordi kvar einskild kajakk er då stroppa for seg. Stroppa held kajakkane forsvarleg på plass, og i tillegg vil stroppa hjelpe til med å halde opp last/vekt på arma og dermed motverke trøttleiksbrot i konstruksjonen.

Tips:

Start med å stroppe dei øvste kajakkane først og jobb deg nedover. Det ligg ei gardintrapp i hengaren til assistanse ved behov for å kome litt opp i høgda.

Eksempel på korrekt pakka hengar med lågt tyngdepunkt:



Dersom hengaren blir levert med feil bruk av stropper som ikkje sikrar kvar einskild kajakk for seg må friluftsrådet på grunnlag av politiet sitt påbod stroppe om kajakkane. Dette arbeidet sender vi rekning for til lånetakar! Pris kr 650.- per starta arbeidstime per person, og ein bør vere to personar for å handtere kajakkane....